Nesna Kommune

# Saksprotokoll

| | |
|---|---|
| **Utvalg:** | Kommunestyret |
| **Møtedato:** | 20.04.2016 |
| **Sak:** | 9/16 |

**Resultat:** Innstilling vedtatt

**Arkivsak:** 15/429
**Tittel:** **Saksprotokoll - Høring - 9 småkraftverk i Leirfjord, Lurøy, Nesna, Vefsn og Vevelstad kommuner i Nordland**

**Behandling:**
Nesna MDG fremmet følgende forslag til vedtak:

Nesna kommune anbefaler at konsesjon ikke gis for utbygging av Langset kraftverk.

Storåga med sine tidvis mektige elveløp ned frå fjellet er blitt mangelvare i norsk natur, og kan ikke byggast ut berre fordi vi kan det. Saman med Langsetvågen er elveløpet i stor grad urørt frå fjord til gjell. Fossefallet som er det første som møter tilreisande når dei nærmar seg Nesna om RV17 er eit like viktig og karakteristisk landskapselement som Tomskjevlen. Nesnaværingar har vakse opp med det, vi som bur her er stolte over det. Det er ein del av identiteten vår. Ein del av Nesna sin identitet.

Heilt sida utbygginga av Aulandsdalen og Mardølavassdraget har vi måtte leve med at det eine fjellområdet etter det andre har blitt omgjort til Apparatenlandschaft som ein av Norges fremste tenkarar – tindebestigaren og naturvenen Peter Wessel Zapffe – kalte landskap, der vassdrag ble skamfert. Som verdens mest vel situerte nasjon med en uvanleg rik tilgang til naturgodar, bør vi no tenkje oss godt om før dei siste frie vannløp frå fjord til fjell byggast ut og øydeleggast for alltid.

I utgreiinga av utbygginsplanane er ikkje omsynet til friluftsliv handsama, og fossen sin opplevingsverdi er underkommunisert. 9 av 10 nordmann deltar i følge forskningsprosjektet i anledning Friluftslivets år 1994 og stortingsmeldinga om friluftsliv fra 2001 i friluftsliv, fordi dei på fritida prioriterer den frie naturens kvaliteter. Nær 1 av 2 nordmenn brukar så sterke ord for å få frem kva ektheit og opphavelegheit betyr som «naturens mystikk» og «storheita i skaparverket» (5 og 6). Nesna kommune flaggar kultur og friluftslivet høgt når det gjeld å presentere seg. Er det glømt når ein skal handsame denne saka.
Rørgater dekka av tilsådd jordsmonn og arkitektonisk velforma kraftstasjonar er dessverre eit dårleg bytte for å autensiteten frå fri natur og reduserer et levende landskap til park – ikke at en park ikkje er eit gode i eit urbant miljø. Evna til å skjelne mellom det ekte og ein veldreid

kopi gir seg f. eks. konkret utslag i verdsettinga av eit kunstverk. Eit maleri av ein stor kunstnar som Rembrandt fell som kjent dramatisk i pris, om det syner seg vere ein kopi. Slik er det med naturens egenverdi også. Den fell drastisk i verdsetting, når naturen ikkje lengre er ekte. Fri natur er kunstverket over alle kunstverk:

Fri natur lar seg ikkje produsere. Fri natur blir aldri gammeldags: Naturen er kulturen sin Heim!

Norge har ein einestående friluftstradisjon som gjør at hittil 4 ulike regjeringar sida 1980-åra har brukt tid og pengar på å utarbeide sin friluftslivspolitikk i form av stortingsmeldingar (7). Det er å merke seg at det er semje på tvers av partigrensene om friluftslivspolitikken: Norge er aleine i verda om å ha regjeringar somutformer ein egen politikk for friluftsliv – ein politikk med vekt på harmoni med natruen – forskning syner at nær 1 av 2 nordmenn søker «naturens mystikk» og «storheten i skaperverket» i sitt friluftsliv (5).

Etter 2. verdskrig ble «de kvite kol» - vasskrafta – bokstavelig talt den drivande krafta i gjenreisinga av Norge. Den politiske fridomen kosta blod, gjenreisninga kosta meir og meir av fedrelandet: Den frie naturen i fjellet (fir natur: Natur som får utfolde seg fritt med sine års-, døgns- og vekstrytmer). Kraftutbygginga med brutale naturinngrep ville ingen ende ta. Folket sto tverrpolitisk bak vannkraftutbygginga for å auke velstanden år for år. Dette vart det slutt på på 80-talet.

Selv om Norge sida kommersialiseringa av elektrisitetsforsyninga i 1991 har eksportert et pent overskott dei aller fleste åra (sjå NVE sin statistikk), har politikarar med lovgivning og subsidiering lagt til rette for å auke produksjonen av «ny, fornybar energi» med satsing på vatn – (såkalla «småkraftverk») og vindkraft (såkalla «vindmølleparkar»). Store og små firma i kraftbransjen var ikkje seine om å nytte høve til ny vekst – ikkje berre med utbygging av hittil urørte, mindre elver, men også med vindkraftanlegg.

Det vanlige skjemaet for konsekvensutredning for inngrep i fri natur – som småkraftanlegg – gir ikkje rom for å få frem verdien av det om ikkje kan målast i kortsiktige, samfunnsøkonomiske fordeler. Det er derfor viktig å finne uttrykk for at den frie naturen i et planområde er uerstattelig.

For penger kan ein få alt, heiter det. Nei, ein kan ikkje det.
Ein kan kjøpa seg mat, men ikkje mathug, dropar, men ikkje helsa, mjuke senger, men ikkje svevn, lærdom, men ikkje vit, stas, men ikkje venleik, glans, men ikkje hygge, moro, men ikkje gleda, kameratar, men ikkje venskap, tenarar, men ikkje truskap, gråe hår, men ikkje æra, rolege dagar, men ikkje fred.
Skalet av alle ting kan ein få for pengar. Men ikkje kjernen;
Den er ikkje for pengar fal.
(Um Pengar av Arne Garborg)

Må vi ofre enda meir av norsk natur for å bremse oppheting av Jorden?

**Moveien 24** Telefon: **75067000** **postmottak@nesna.kommune.no**
**8700 NESNA** Telefaks: **75067001** **www.nesna.kommune.no**

Stå vakt om naturen! Slå angrepet ned!
Dem opp mot de hissige hjerner! –
La fjellvidda hvile i soldagens fred –
I dryss av de evige stjerner! –

Det kommer en dag da den syke kultur
Vil fylle all verden med vånde,
En dag vil du hilse det lukkede land
Og signe de fredede flyer
Med rykende storm over ensomme vann
Og sol gjennom drivende skyer.
(Theodor Caspari)

Fri natur lar seg ikkje produsere – fri natur blir aldri gammeldags, naturen er kulturens Heim

Gretha Bye fremmet følgende endringsforslag:

Ordet anmodninger byttes til forutsetter i innledende setning.

Gretha Byes endringsforslag enstemmig vedtatt.

Formannskapets innstilling ble satt opp mot Nesna MDGs forslag til vedtak, og formannskapets innstilling ble vedtatt mot en stemme.

**Vedtak:**

Nesna kommune anbefaler at **konsesjon gis** for utbygging av Langset kraftverk, med følgende forutsetninger til NVE mht. behandlingen av søknaden:

1. Jordbruk/ skogbruk

Nesna kommune forutsetter at NVE setter vilkår i konsesjonen som gjør at primærnæringene innen jordbruk og skogbruk i området får tilgang til den adkomsten som blir etablert.

2. Biologisk mangfold

Nesna kommune forutsetter at NVE pålegger avbøtende tiltak slik at rødlisteførte plantearter i minst mulig grad blir berørt av utbyggingen.

3. Einmoen vannverk

Nesna kommune forutsetter at NVE pålegger utredning av konkrete tiltak for å sikre driftsnødvendig vannmengde ift. kommunal vannforsyning på Einmoen/ Langset/ Skogsøya.

4. Nedslagsfelt

Nesna kommune forutsetter at NVE i sin konsesjon pålegger prosedyrer og tiltak som minimaliserer faren for redusert vanntilbud til kommunal vannproduksjon i nedslagsfeltet, og heller ikke eventuelle forurensninger av nedslagsfeltet.

Nesna Kommune

5. Annen næringsvirksomhet

Nesna kommune forutsetter at NVE vurderer avbøtende tiltak som kan kompensere for bortfall av attraktivitet og verdi som en nasjonal turistvei medfører for Fv17 i dette området.

**Moveien 24**
**8700 NESNA**
Telefon: **75067000**
Telefaks: **75067001**
**postmottak@nesna.kommune.no**
**www.nesna.kommune.no**